

Investor- presentasjon

2. KVARTAL 2025



Hovudlinjer for 2. kvartal 2025



Utlånsvekst : 6,7 % siste 12 månadar



Overføring til SB1 Boligkreditt reduserer rentenettoen:
380 mill. kr (394 mill. kr)



Resultat frå finansielle instrument: 14 mill. kr (24 mill. kr)



Tap på utlån: 10 mill. kr (mot 19 mill. kr)



God likviditet og soliditet:

- LCR 178 % (184 %)
- Rein kjernekapitaldekning 19,3 % (17,2 %)



Resultat pr. EK-bevis (konsern): kr 9,53 (kr 9,78)



Eigenkapitalavkasting etter skatt: 11,8 % p.a. (12,8 % p.a.)

(Tal for samme kvartal i fjor i parentes)




Finansielle måltal 2025

	Måltal	Q2 isolert	Status pr. 30.06.25
EK-avkastning	> 11 %	11,8 %	10,8 %
Kostnadsprosent (ekskl. verdipapirinntekter)	< 40 %	37,5 %	38,4 %
Rein kjernekapitaldekning	> 16,5%	19,3 %	19,3 %
Utbyttegrad*	≥ 50 %	51,7 %	51,7 %


*Utbyttegrad er berekna som utbytte til EK-beviseigarane dividert på EK-beviseigarane sin del av disponibelt resultat.

Utvikling viktige nøkkeltal


Kostnader i % av inntekter




Tap i % av utlån



EK avkastning resultat etter skatt




Rein kjernekapitaldekning




Rentenettoen påverka av överföring til SpareBank 1 Boligkreditt

Reduksjon i rentenetto frå førre kvartal skuldast i hovudsak overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt. Det er varsla ny renteendring i juni 2025. Renteendringa vil få effekt i løpet av 3. kvartal 2025

Rentenetto i mill. kr



Rentenetto i % av GFK




Netto renteinntekter i mill. kr og i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK)


Fin utlånsvekst i privatmarknaden

Forventing om lågare rente og auka kjøpekraft har gitt høgare aktivitet og kredittvekst på privatmarknaden

Utlån privatmarknad




Innskot privatmarknad




* Grafen for utlån er inkludert utlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt.

God vekst i bedriftsmarknaden

Utlån bedriftsmarknad




Innskot bedriftsmarknad




Kundemargin

Utlånsmargin




Innskotsmargin



Viser innskots- og utlånsrenter for innskot og utlån fra kundar målt mot 3 mnd. Nibor. Grafen inkluderer både innskot og utlån med flytande og faste renter. Innskot og utlån i utenlandsk valuta er ikkje inkludert

Andre inntekter


Auke i andre inntekter pga. provisjon på utlån overført SpareBank 1 Boligkreditt.
Positiv utvikling i inntekter frå sal av forsikringsprodukt og eidedomsmekling



Tall pr. kvartal i mill. kr

Finansielle investeringar

Godt resultat frå aksjar og eigarinteresser i felleskontrollerte verksemder i SpareBank 1-alliansen. Negativt resultat frå rentepostane




■ Netto resultat frå eigarinteresser i felleskontrollert verksemd ■ Netto vinst valuta ■ Netto vinst/tap renter ■ Netto vinst/tap aksjar

Tall pr. kvartal i mill. kr


Driftskostnader

Kostnadsauke på 2,6 % mot same kvartal i fjor. Auken skuldast høgare personalkostnader og kostnader relatert til SpareBank 1-alliansen. Vesentleg nedgang mot Q3 og Q4 i 2024 der prosjektkostnader relatert til konvertering til SpareBank 1-alliansen prega kostnadene.

Driftskostnader



Driftskostnader i % av sum inntekter




Tall pr. kvartal i mill. kr

Tap på utlån


Netto tap på individuelt vurdert engasjement er på 2 mill. kr og dei modellbaserte tapsavsetningane har auka med 8 mill. kr

Resultatført tap på utlån



Tall pr. kvartal i mill. kr


Balanseført tapsavsetning på utlån pr. trinn




Godt resultat

Fin resultatauke samanlikna med førre kvartal og om lag på same nivå som same kvartal året før.

Resultat etter skatt



Ek-avkastning resultat etter skatt




Tall for kvartalet i mill. kr.

EK avkastninga er rekna av gjennomsnittleg eigenkapital ekskl. hybridkapital.


Kredittrisikoen i privatmarknaden er vurdert som låg

Dei fleste personkundane har god kontroll på eigen økonomi og banken sin kredittrisiko overfor privatmarknaden er vurdert som låg.

Brutto utlån PM i % fordelt pr. steg



Andel misleghaldne utlån PM >90 dager **




* Frå og med 1. kvartal 2025 har banken tatt i bruk SpareBank 1 sin modell for IFRS9 og SpareBank 1 sine modellar for PD, LGD og EAD som inngår i IFRS9- modellen. Dette har ført til ein reduksjon i engasjement definert som vesentleg kredittforverra og ein auke i trinn 1. og reduksjon i trinn 2 i forhold til tala for 2024.


** Overføring av lån til SpareBank 1 Boligkreditt forklarar delar av auken i andel misleghald. Dersom vi hadde inkludert lån overført ville andel misleghald vore 0,31 %.

Kredittrisikoen for bedriftsmarknaden er moderat

Brutto utlån BM i % fordelt pr. steg




Andel misleghaldne utlån til BM
> 90 dagar




* Frå og med 1. kvartal 2025 har banken tatt i bruk SpareBank 1 sin modell for IFRS9 og SpareBank 1 sine modellst for PD, LGD og EAD som inngår i IFRS9- modellen. Dette har ført til ein reduksjon i engasjement definert som vesentleg kredittforverra og ein auke i trinn 1, og ein reduksjon i trinn 2 i forhold til tala for 2024.

Segment og bransjefordeling

Fordeling av brutto utlån




Brutto utlån til bedriftsmarknaden i mill. kr




Andelen til bedriftsmarknaden har auka som ein konsekvens av overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt

God kapitaldekning

Kapitaldekning



Uvekta kjernekapitalandel




- SSF har med verknad frå 30.04.2024 fått nytt pilar 2-krav på 1,8 %. Regulatorisk krav til rein kjernekapitaldekning er som følgje av dette 15,0 %. I tillegg til dette er det forventa at banken skal ha ein kapitalkravsmargin på minimum 1,0 %, slik at krav til rein kjernekapitaldekning inkludert kapitalkravsmargin er 16,0 %. Banken si eiga målsetting er å ha ein rein kjernekapital på over 16,5 %.
- CRR3 vart innført frå Q2 2025 og dette har medført at kapitaldekninga har auka med om lag 2 prosentpoeng.

Styret foreslår tilleggsutbytte

- Som følge av CRR3 er banken sin reine kjernekapitaldekning auka med om lag 2 prosentpoeng til 19,3 % og total kapitaldekning er auka til 23,7 %.
- Banken har ein god kapitalsituasjon og god margin til regulatoriske krav til kapitaldekning.
- Som følge av dette har styret vedtatt å kalle inn til ekstraordinær generalforsamling og foreslår eit tilleggsutbytte på kr 18 pr EK-bevis
- Gitt at utdelinga blir vedtatt vil dette redusere kapitaldekninga med om lag 1 prosentpoeng.
- Med dette vil banken ha delt ut 99 % av EK-beviseigarane sin del av disponibelt resultat for 2024 i utbytte. Banken vil framleis ha god margin til kapitaldekning og god vekstevne.

Forfallsfordeling funding





Banken i samfunnet

2. kvartal 2025



Marknadsandeler i Sogn og Fjordane

Privatmarknad* **48,3 %**

Bedriftsmarknad* **36,2 %**

Eigedomsmekling** **37,0 %**

SpareBank **1** Sogn og Fjordane

* Marknadsandel volum utlån SSF, tal pr. Q1-2025 ** Markedsandel Eigedomsmekling , tal 2024
Kjelde: *SSF,Early Warning,** Eiendomsverdi

Fekk Nynorsk næringslivspris

SpareBank 1 Sogn og Fjordane har fått Noregs Mållag sin Nynorsk næringslivspris for 2024. Banken vart ein del av SpareBank 1-alliansen i fjor, og jobben som vart gjort i samband med dette er bakgrunnen for tildelinga.

– Då banken gjekk inn i SpareBank 1-alliansen, insisterte dei på å halde på den nynorske bankidentiteten. Banken har gjort eit formidabelt arbeid for å få til overgangen på nynorsk, og dei har gjort mykje ekstra arbeid som ingen har gjort før dei. Dermed har dei, med stor omsorg for språket, sytt for at det framleis er like lett å vere nynorsk bankkunde, sa juryleiar Monika Haanes Waagen då ho delte ut prisen.



F.v.: Monika Haanes Waagen (juryleiar for Nynorsk næringslivspris), Inger Marie Lien (nettsideredaktør), Trond Teigene (adm. direktør i SpareBank 1 Sogn og Fjordane) og Johanne Viken Sandnes (kommunikasjonsdirektør i SpareBank 1 Sogn og Fjordane).

Næringsstiftinga «Drivkraft» etablert

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og SpareBank 1 Sogn og Fjordane har gått saman om å skipe næringsstiftinga «Drivkraft».

Målet med stiftinga er å vere ein drivande faktor for nyskaping og innovasjon i næringslivet i regionen.

– Dette er ein viktig dag for oss. Gjennom banken og eigarstiftingane våre har vi eit godt tilbod for frivillig sektor med store moglegheiter til å søke om gode og samfunnsnyttige prosjekt i lokalsamfunnet vårt. No etablerer vi ei stifting som spissar seg mot utfordringane og moglegheitene i næringslivet vårt, seier adm. direktør i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, Trond Teigene.



F.v.: Hallvard Klakegg (direktør i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane),
Bjørn Aage Haugen (styreleiar i Drivkraft) og Trond Teigene (adm.
direktør i SpareBank 1 Sogn og Fjordane).

Skulle feire 17. mai – fekk 100 000 kroner

Anna Lillestøl Naustdal, no mest kjent som Anna Lille, reiste heim til Nordfjordeid for å feire 17. mai. Då vart ho lurt inn i banken – og der vart ho tildelt Furorestipendiet på 100 000 kroner.

– Pappa sa at vi berre skulle innom banken for å ordne noko med enkeltmannsføretaket mitt. Og så dukka desse banktilsette opp med denne overraskinga. Fy søren, så utruleg kjekt, sa Anna Lille då ho tok imot stipendiet.

Også Malene Flister Seljeseth frå Florø fekk stipend i mai, og utover hausten skal åtte nye talent få 100 000 kroner.



Skal utvikle Fjaler og regionen rundt

– Vi skal støtte opp om gründerverksemd og innovasjon – kople folk saman. Vi skal bidra til å få næringsliv, frivilligheita og kommunen til å jobbe til det beste for Fjaler. Og for å ha eit fungerande arbeidsliv, må vi ha bustadar, kulturliv og fritidsaktivitetar. Vi skal innom alle felt, for alt heng saman.

Det seier Andreas Fonn Macsik, dagleg leiar i nyoppstarta Nytta AS. Til etableringa har dei fått éin million kroner i gåve frå Sparebankstiftinga Fjaler. Pengane kjem frå overskotet til SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

– Nedslagsfeltet vårt er Fjaler, men for å lukkast her lokalt må vi også jobbe regionalt.



Andreas Fonn Macsik (dagleg leiar, Nytta) og Torunn Mattson (banksjef, SpareBank 1 Sogn og Fjordane).

700 miniputtar har fått nye drakter

Kvart år deler SpareBank 1 Sogn og Fjordane ut draktsett til miniputtane. I år var det rekordmange søknader, og banken bestemte seg for å gi drakter til heile 72 lag rundt om i Sogn og Fjordane.

Det betyr at over 700 barn har fått nye drakter denne våren. Draktene som er delt ut har ein totalverdi på 325 000 kroner.



Kontaktinformasjon

SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Adresse: Naustdalsvegen 4
6800 Førde

Heimeside: www.ssf.no
E-post adresse: kundesenter@ssf.no
Føretaksnummer: 946 670 081
Telefon: 57 82 97 00

Kontaktpersonar:


Trond Teigene	Frode Vasseth
Adm. direktør	Dir. økonomi og finans
Tlf. 908 25 086	Tlf. 951 98 452




Vedlegg

Eigenkapitalbevis

Bokført egenkapital pr. EK bevis



Resultat pr. EK bevis pr. kvartal



SpareBank 1 Sogn og Fjordane

Dotterselskap - fullt ut konsolidert

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS

EiendomsMegler 1 Sogn og Fjordane AS

Tilknytta og felleskontrollerte selskap - egenkapitalmetoden

Samarbeidende Sparebanker AS

(21,2 % og indirekte eigarskap i SpareBank 1 Gruppen på 4,1 %)

Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA

(25,4 % og indirekte eigarskap i SpareBank 1 Utvikling DA på 4,6 %)

SpareBank 1 Samspar AS (20,9 %)

Direkte eigde selskap - verkeleg verdi

SpareBank 1 Boligkreditt AS (0,86 %)

Kredittbanken ASA (1,13 %)

SpareBank 1 Finans Midt-Norge AS (10,79 %)

SpareBank 1 Betaling AS (4,6 %)

Kvartalvis resultatutvikling konsern

	2. kv. 25	1. kv. 25	4. kv. 24	3. kv. 24	2. kv. 24
Netto renteinntekter	380	388	401	405	394
Andre driftsinntekter	54	45	38	42	47
Utbytte og verdiendring finansielle instrument	14	- 3	- 15	222	24
Netto andre driftsinntekter	68	42	23	264	71
Sum inntekter	448	429	424	669	464
Driftskostnader	163	169	247	181	159
Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar	285	260	177	487	306
Nedskrivning på utlån og garantiar	10	26	16	- 5	19
Resultat før skatt	275	234	161	492	287
Skatt	57	51	54	61	66
Resultat etter skatt	219	183	107	431	221
Estimatavvik pensjon	0	0	0	0	0
TOTALRESULTAT	219	183	107	431	221

	1. kv. 24	4. kv. 23	3. kv. 23	2. kv. 23
Netto renteinntekter	387	381	379	356
Andre driftsinntekter	38	40	45	45
Utbytte og verdiendring finansielle instrument	28	- 11	- 29	60
Netto andre driftsinntekter	66	29	15	105
Sum inntekter	453	410	395	462
Driftskostnader	157	150	141	128
Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar	296	259	254	334
Nedskrivning på utlån og garantiar	- 10	- 1	30	- 11
Resultat før skatt	306	260	225	345
Skatt	74	59	58	75
Resultat etter skatt	232	201	166	270
Estimatavvik pensjon	0	0	0	0
TOTALRESULTAT	232	201	166	270

Hovudtal konsern

TAL I MILL. KRONER

RESULTATREKNESKAP	30.06.25	30.06.24	31.12.24
Netto renteinntekter	767	781	1 586
Utbytte og verdiendring på finansielle instrument	12	51	259
Andre driftsinntekter	98	85	165
Driftskostnader	332	316	744
Resultat før nedskriving (inkl. verdipapir)	545	601	1 266
Resultat før nedskriving (ekskl. verdipapir)	534	550	1 007
Nedskriving på utlån og garantiar	36	8	19
Resultat før skatt	509	593	1 246
Skatt	108	140	255
Resultat etter skatt	401	453	992
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0
Totalresultat	401	453	992
BALANSE			
Eigedelar			
Brutto utlån til og krav på kundar	61 954	65 047	64 693
Brutto utlån og krav på kundar inkl. utlån overført Spb. 1 Boligkreditt AS	69 386	65 047	67 153
Nedskriving på utlån	- 438	- 305	- 281
Verdipapirplasseringar (aksjar, FKV, sertifikat og obligasjonar)	11 321	9 979	11 372
Gjeld og eigenkapital			
Innskot frå og gjeld til kundar	40 815	37 900	38 597
Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar	23 979	28 985	28 696
Eigenkapital	7 704	7 243	7 628
Forvaltningskapital	74 714	76 178	77 077
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	75 766	75 348	75 524

Nøkkeltal konsern

NØKKELTAL

Lønsemd

	30.06.25	30.06.24	31.12.24
Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	2,04 %	2,08 %	2,10 %
Andre driftsinntekter (ekskl. innt. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap.	0,26 %	0,23 %	0,22 %
Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,88 %	0,84 %	0,99 %
Resultat før nedskriving i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,44 %	1,60 %	1,68 %
Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,34 %	1,57 %	1,65 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,06 %	1,20 %	1,31 %
Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,06 %	1,20 %	1,31 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. innt. frå fin. instrument	38,37 %	36,49 %	42,49 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. innt. frå fin. instrument	37,85 %	34,45 %	37,02 %
Nedskriving i % av brutto utlån (resultatført)	0,06 %	0,01 %	0,03 %
Eigenkapitalavkastning før skatt	13,85 %	17,06 %	17,48 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt	10,80 %	13,05 %	13,80 %
Eigenkapitalavkastning totalresultat	10,80 %	13,05 %	13,80 %
Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis i kr	17,50	20,04	43,43
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr			20,00

Soliditet og likviditet

Kapitaldekningsprosent	23,72 %	20,70 %	20,63 %
Kjernekapitalprosent	21,12 %	18,47 %	18,47 %
Rein kjernekapitalprosent	19,32 %	17,22 %	17,12 %
Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio)	9,13 %	8,44 %	8,38 %
LCR (Likviditetsindikator)	178 %	184 %	169 %
NSFR konsern	133 %	128 %	124 %
NSFR morbank	143 %	137 %	135 %
MREL totalt	43 %		41 %
MREL etterstilt	33 %		31 %

Balanseutvikling

Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)	- 1,92 %	3,60 %	4,79 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.)	- 4,75 %	3,23 %	0,63 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.) inkl. utlån overført Spb. 1 Boligkreditt	6,67 %	3,23 %	4,46 %
Vekst i innskott frå kundar (12 mnd.)	7,69 %	0,83 %	7,83 %
Innskott i % av brutto utlån konsern	65,88 %	58,27 %	59,66 %
Innskott i % av brutto utlån morbank	103,64 %	97,68 %	100,31 %

Tilsette

Årsverk	295	298	302
---------	-----	-----	-----